

Oslo, 30. juni 2007

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
nve@nve.no

Høyringsfråsegn til konsesjonssøknaden om 420 kV kraftledning Ørskog-Fardal

Vi viser til høyringsbrev av 20. mars i år. Norges Naturvernforbund har samordna sitt syn med våre fylkeslag i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Forbundet og fylkeslaga leverer med dette ei felles fråsegn.

Konsekvensane for natur og landskap

Dei mest interessante emna for Naturvernforbundet er biologisk mangfald, landskapsbilete og friluftsliv.

1. Biomangfald

Av rapportane om biologisk mangfald går det fram at mange av dei planlagde strekningane for lina har lokalitetar med middels eller større verdiar for biomangfald. Konsekvensane er med nokre få unntak også er middels eller større. Dette gjeld kjende lokalitetar med registrerte verdiar.

Det er dokumentert at område med nasjonalt viktige naturverdiar vil gå tapt eller bli alvorleg forstyrta i stort omfang. Lina vil bryte viktige biologiske og landskapsøkologiske samanhengar, auke presset mot raudlista artar, redusere inngrepsfrie område og på andre måtar gå ut over den biologiske rikdommen.

Eit aspekt som rapportane ikkje tek opp, er at traseane heile vegen går gjennom landskap som frå naturen er så eigenarta at det er dekning for å seie dei er eineståande i verda.

Kombinasjonen av berggrunnshistorie og topografi, lausavsetningar og klima gjer områda spesielle. Fjordlandskapa med dei bratte fjella på Vestlandet har ikkje sin make innanfor den same biogeografiske regionen. Dette er i høg grad norsk ansvarsnatur, som har krav på ekstra omsyn også av internasjonale grunnar.

I særleg grad kjem det eigenarta ved landskapet til uttrykk gjennom den store variasjonsrikdommen av edafiske og klimatiske faktorar, sjølv fundamentet for planter, dyr og andre organismar. Noreg under eitt har truleg den mest varierte naturen i Europa. Landet har 26 vegetasjonsgeografiske regionar, og berre i Sogn og Fjordane finst 22 av dei 26 (Norges nasjonalatlas, vegetasjon). Til samanlikning har Sverige 17, Finland 10 og Danmark 2 slike regionar. Ut frå moderne naturverntenking om å sjå større landskap i samanheng, har dei vestnorske fjordlandskapa krav på spesielle omsyn når det er snakk om store naturinngrep. Vurderingane kan ikkje vere avgrensa til den og den av ei rekkje mindre lokalitetar med spesielle verdiar. Heilskapen har krav på stor varsemd.

Om vi til dømes set at 50 prosent av traseen går gjennom skog som må ryddast, tilsvarer det ei hogstflate på rundt 6 kvadratkilometer. Vi veit ikkje om dette talet er rett, men det er rett nok til å illustrere at dei direkte arealinngrepa vert heilt uvanleg store. Effektane på areala ved sida av lina kjem i tillegg.

Vi går ut frå at NVE ikkje vil tenkje på å gje løyve til å gå gjennom eller inn i område som er verna etter naturvernlova, eller som står på verdsarvlista. Dette er utvalde areal som er grunnmuren i tiltaka for å ta vare på artane, biotopane og landskapa. Ei kraftline er for alle kategoriane av vern i strid med føremålet og vernereglane.

Formelt stiller det seg noko annleis med verna vassdrag. Men vi finn det heilt rimeleg at folk stiller seg uforståande dersom staten vernar vassdrag mot inngrep og så gjev løyve til ei svær kraftline tvers over vassdraget og nedbørsfeltet. Ei slik handling vil vere i strid med den logikken som går ut på at vern av vassdrag bør òg gjelde, så langt mogeleg, skadelege tiltak i nedbørsfeltet utanfor sjølv vassstrengen. Vi er redde konsesjon til eit så svært inngrep som det her er snakk om, vil setje vern av både vassdrag og andre naturtypar i vanry.

Etter vår oppfatning inneber planen så store inngrep i eineståande natur og landskap, både område som har formelt vern og ikkje, at dei negative konsekvensane på ingen måte let seg

forsvare av føremonane med lina. Fagrapportane inneheld mange argument for eit slikt standpunkt, og heilskapen i den eigenarta fjordnaturen styrker argumenta.

Merknader til metoden for konsekvensutgreiingane og omfanget av registreringane

Norges Naturvernforbund meiner, ut frå det vi har sagt ovanfor om fjordnaturen, at den framgangsmåten som ligg til grunn for rapportane om biologisk mangfald, har metodiske manglar som gjer at arbeidet ikkje fangar opp heilskapen i området og det globale særdraget. Prinsippa og kriteria for vurdering av verdi, omfanget av påverknader og konsekvensvifta er i og for seg greie nok. Men metoden inneber ei fragmentering av naturen og fangar ikkje opp dimensjonane i inngrepet og dei samla konsekvensane. Forfattarane tek for seg artar og naturtypar i liten skala, og verna område. Dette er vel og bra så langt det rekk, men rapportane har ikkje fått med, i alle fall ikkje på ein eksplisitt måte, det faktum at saka gjeld eit enormt inngrep i ein natur som er eineståande, i alle fall i Europa. I eit slikt tilfelle er det relevant å legge til grunn at heilskapen i naturen og landskapet er større enn summen av alle elementa. Hovudspørsmålet i konsesjonssaka er om styresmaktene skal gje løyve til lina eller ikkje. Eit forsvarleg grunnlag for denne avgjerda må innehalde opplysningar om korleis dei store trekka i landskapet vert påverka og samspelet av biotopar vert påverka.

I tillegg til dette går det fram av rapportane at dei langt frå fortel den heile og fulle sanninga, av den grunn at det er store hol i kunnskapen på grunn av manglande inventeringar. Fagfolka seier direkte, til dømes i rapporten om den nordlegaste seksjonen (kap. 3.3) at tida til disposisjon har vore så knapp at dei har forenkla arbeidet i større grad enn det som er vanleg ved dei fleste typane av konsekvensutgreiingar. Dei har måtta prioritere ned areal, naturtypar og artar som dei har trudd var mindre viktige. Det manglar opplysningar om artar og viktige naturtypar, ikkje berre her og der, men over store delar av traseane. Særleg er opplysningane om vilt mangelfulle både i kvalitet og dekning. Først og fremst gjeld dette Sogn og Fjordane, som truleg har den mest mangelfulle viltkartlegginga i heile Sør-Noreg (rapport for seksjon 2: Leivdal-Moskog, side 46). For fleire artar og artsgrupper som er spesielt konfliktfylte ved bygging av kraftliner, ”må manglene karakteriseres som påfallende og alvorlige” (side 46). Situasjonen ”er gjennomgående ikke tilfredsstillende for Sogn og Fjordane. Dette medfører i

flere tilfeller vesentlig usikkerhet ved konsekvensvurderingene og problemer med å rangere ulike alternativer etter konfliktgrad” står det på side 47 (understreka her).

Skilnadene mellom den undersøkte delen av Møre og Romsdal og stroka lenger sør går tydeleg fram av karta som viser naturtypar, viltområde og raudlista artar, som for alle desse tre emna viser større skilnad mellom nord og sør enn det som skilnadene i berggrunn, klima, landskap og arealbruk skulle tilseie. Det er meir enn sannsynleg at dei negative konsekvensane av traseane i Sogn og Fjordane i vesentleg grad er underestimerte. Opplysningane om at det er registrert 16 hekkelokalitetar for den sterkt truga arten hubro i Møre og Romsdal, medan det finst kunnskap om berre to lokalitetar i Sogn og Fjordane, er eit signal om at kunnskapsgrunnlaget for å gje konsesjon ikkje er godt nok.

Dette avslører at det har vore for kort tid til å utføre eit godt nok arbeid, sjølv innan for den enkle råma som metoden legg opp til. Desse manglane er så vesentlege at Norges Naturvernforbund meiner det ikkje ligg føre eit forsvarleg grunnlag for å gjere vedtak.

Etter vår oppfatning står opplysningsnivået på dette feltet og i denne saka i ein skrikande kontrast til det som tidlegare har vore vanleg til dømes i kraftutbyggingssaker med vesentleg mindre omfang i areal og konsekvensar. For å velje ut objekt til Verneplan for vassdrag vart det på 1970-talet lagt ned månadsverk i felt, endå det i dei tilfella ikkje var snakk om å gjere forstyrrande inngrep. Det same var tilfelle med ein del større kraftutbyggingar i tider før biomangfaldkonvensjonen kom, og det generelt vart lagt mindre vekt på artar, biotopar og naturtypar enn det som er vedteke i dag.

Det er som kjent eit nasjonalt mål, vedteke av Stortinget, å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010. Stortinget har òg vedteke at vi skal ha ei kunnskapsbasert naturforvaltning. Vi veit at det er arealbruksendringar og fysiske inngrep i leveområda som er dei klart viktigaste årsakene til at raudlista artar er truga i vårt land (Norsk Rødliste 2006, side 62-63).

Norges Naturvernforbund meiner punkt 6 i utgreiingsprogrammet, fastsett av NVE 3.10.2006, ikkje er oppfylt når det er openlyst at ingen kan vite i kva grad oversynet over viktige naturtypar, raudlista fuglar eller annan landfauna er dekkjande. Framgangsmåtane som går fram av programmet kan ikkje til dei grader vere enkle at dei i stor grad går ut over det som er målet med utgreiingane.

Norges Naturvernforbund vil hevde at det vil vere uforsvarleg og i strid med klare vedtak å gje konsesjon til kraftlina på det eksisterande kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald. Det vil òg vere i strid med Bernkonvensjonen, som i artikkel 3 har pålegg til statane om å "...ta hensyn til vern av vill flora og fauna i sin planleggings- og utviklingspolitikk ..."

Det er ikkje godt nok å supplere med nye registreringar til hjelp for detaljplanlegging og tilpassing etter at Statnett eventuelt har fått konsesjon. Ei slik løysing er forfattarane av fagrapportane inne på. Men dei viktigaste konsekvensane for planter og dyr vert avgjort ved vedtaket om å gje eller nekte konsesjon, ikkje ved mindre justeringar i plasseringa av mastene. Vi vil her hevde at med dagens kunnskap har ikkje NVE eit forsvarleg grunnlag for å avgjere kva alternativ som eventuelt skal få byggjeløyve.

Fagrapportane har ein del forslag til avbøtande tiltak. Det faglege grunnlaget for desse framlegga kan vere godt nok. Men vi er usikre på om dei i praksis let seg gjennomføre i eit omfang som kan mone. Nokre av tiltaka – som å legge jordkabel på utsette strekningar, å unngå at lina kryssar dalføre i 90 graders vinkel og å legge lina utanfor hekkeområde for sårbare artar – møter praktiske og økonomiske innvendingar. Merking av toppliner og faseliner vil vere i konflikt med sterke ønskje om å gjere kraftlina minst mogeleg synleg der folk bur og i friluftsområde. Vi har ingen grunn til å tru at avbøtande tiltak vil kunne endre summen av negative konsekvensar i nemneverdig grad.

På dette grunnlaget meiner Norges Naturvernforbund:

- 1. NVE må pålegge Statnett å supplere kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald vesentleg gjennom nye registreringar for å dokumentere dei artane og dei områda som det manglar opplysningar om. Kor mykje ekstraarbeid dette krev, er eit fagleg spørsmål som dei kompetente biologane må avgjere.*
- 2. Det må òg, før vedtak, ligge føre ei fagleg vurdering av på kva måte og i kva grad inngrepet kjem i konflikt med nasjonale miljømål og omsynet til norsk ansvarsnatur. Vi bed NVE om å syte for at dette vert gjennomført.*

2. Landskapsbilete

Det går fram av rapportane at dei negative konsekvensane av lina er store eller svært store på dei fleste strekningane og deltraseane. Ingen trasé er framkommeleg utan å gå gjennom landskap med store verdjar, og utan å redusere verdiane i vesentleg grad. Det finst ikkje noko einskildninggrep på Vestlandet som i same grad som denne lina flerrar opp landskapet på ei uheldig måte.

Dette er landskap som internasjonalt har ord på seg for å vere dei vakraste i verda. Både i Sogn, Nordfjord og på Sunnmøre vert lina synleg over store avstandar i noko av dei mest ettertrakta landskapa i Europa. Med unntak for nokre stader som kjem i ly av terrenget, er lina synleg i seks kilometers breidde til kvar side, som er den avstanden landskapsrapporten opererer med, og som utgjør bortimot 3600 km² for den lengste traseen. Frå alle eksponerte punkt, der folk gjerne ferdast når dei er på tur i terrenget, vil lina vere synleg. I Sogn, Nordfjord og på Sunnmøre vert lange strekningar iaugefallande frå kjende turistområde som Balestrand, Gloppen-Eid og Hjørundfjorden. Det er dokumentert i rapportane at det finst ingen trase som ikkje er svært uheldig for landskapet.

Dei lokale protestane har vore store langs heile strekninga frå Ørskog til Fardal. Kommunane er massivt i mot. Utsikter til utskjemde landskap og mistriivsel er nok hovudgrunnane til den unisone motstanden. Å byggje lina vil påføre titusenviis av menneske store ulemper. I dette tilfellet er det eit uvanleg samanfall mellom lokale interesser og nasjonale omsyn til eigenarta og vakre landskap som er sjeldne eller eineståande både i europeisk og global samanheng.

3. Friluftsliv og reiseliv

Gjennom heile Sunnmøre vil lina gå gjennom eller nær strok som er peika ut som viktige friluftsområde. I noko mindre grad er det same tilfelle i Sogn og Fjordane, men ein del av årsaka er at her er ein mindre del av landarealet plassert i kategorien viktige friluftsområde, sjølv om graden av inngrep eller landskapet i seg sjølv skulle tilseie det. Mykje brukte utfartsområde ved dei mange tettstadene er ikkje komne med på kartet. Landskapsrapportane dokumenterer at same kva trase som måtte bli vald, vil lina verte synleg og forstyrrende i dei mest nytta utfartsområda for mange tusen menneske.

Her er det òg samanfall mellom nasjonale mål og lokale interesser. Eit enkelt og lite ressurskrevjande friluftsliv, som Stortinget har prioritert å støtte, tilseier å ta vare på nærområda for friluftsliv, slik at folk slepp å køyre lange strekningar for å komme seg ut på tur.

Naturgrunnlaget for reiseliv og ettertrakta friluftsområde for langvegfarande er ofte samanfallande. I mange tilfelle er grensene mellom friluftsliv og reiseliv vage. Felles er at folk er ute etter naturopplevingar.

Av konsekvensrapporten (NINA Rapport 212) går det fram at grunnlaget for å vurdere verdien av områda for friluftsliv er svakare enn for reiseliv, og at grunnlaget for å vurdere konsekvensane er svakt, slik at standpunkta er usikre.

Vi er sterkt usamde i at rapporten set konsekvensane lik null for friluftsliv i delområde sør (Moskog-Fardal), delvis med den grunngevinga at ei eksisterande line vert fjerna dersom ei ny line kjem. Dette gjeld berre ein del av strekninga. På den nordlege delen vil den nye lina komme i tillegg til den gamle, om ho skulle komme. Den vestlege traseen (1.24) går tvers gjennom eit av dei mest brukte utfartsområda, både sommar og vinter, frå Førde. Eit alternativ går mellom anna nær den opparbeidde Fossestien langs Gaula i Viksdalen.

Vi forstår heller ikkje at dei negative konsekvensane for reiselivet kan vere lik null av ein installasjon som er synleg frå det meste av Balsestrand-området, eit av kjernepunktta i fjordturismen.

Andre sider ved saka

1. Nytten av lina

Då Statnett for litt over eit år sidan leverte melding om søknaden, var noverdien av framtidige nettoinntekter kalkulert til over 3 milliardar kroner. I søknaden er dette talet redusert til 250 millionar kroner, ein tolvdel av det første overslaget og i samfunnsmessig samanheng eit svært lite tal. Reduksjonen grunnjev Statnett med at overføringskapasiteten til Midt-Noreg som følgje av andre tiltak enn lina Ørskog-Fardal vert større enn dei tidlegare rekna med. Vi er klar over at den økonomiske nytteverdien seier ikkje alt om verdien av lina i overføringssystemet. Vi må likevel kunne ta det store fallet i tala frå 2006 til 2007 som eit

klart uttrykk for at føremonane er vesentleg mindre enn tala på meldingstidspunktet kunne tyde på.

Bakgrunnen for saka er den spesielle situasjonen med store industrietableringar i Midt-Noreg utan at det var grunnlag for det i energiforsyninga. Slike etableringar på eit mangelfullt grunnlag kan ikkje utan vidare forsvare bygging av den lina det er søkt om. Det er naudsynt å vege argumenta for sikker straumforsyning opp mot dei skadane og ulempene som lina fører med seg. Det kan ikkje vere slik som vi kan få inntrykk av at Statnett meiner i søknaden, at sikker forsyning til alle tider er eit mål som er overordna alle andre omsyn. Vi registrerer elles at Statnett er svært lite konkrete og presise i sine formuleringar av nytteaspekta.

Det allmenne forbruket av kraft har i lang tid vore om lag stabilt. Dette er ikkje eit resultat av rasjonering eller andre ytre grenser for kor mykje straum folk kan kjøpe. Tilgangen er stor nok til at folk kan bruke så mykje dei har interesse av. Energiøkonomisering har gjort sitt til å stabilisere forbruket, og det er grenser for kor mykje meir elektrisitet folk har interesse av å kjøpe i eit land som ligg på verdstoppen i forbruk per person. Høge prisar i nokre periodar, og mykje snakk om det, har opplagt fått fleire til å tenkje på om dei kan klare seg med mindre. I staden for å vente at det vil auke, er det gode grunnar til å tru at forbruket vil gå ned i framtida, dersom det ikkje vert gjort noko aktivt for å oppnå den motsette utviklinga. Det er òg grunn til å merke seg at Statnett ventar små endringar i importen til Midt-Noreg fram til 2012. I denne tida må Midt-Noreg under alle omstende klare seg utan ei ny kraftline frå sør.

Frå lokale og regionale kraftverk i Sogn og Fjordane har Statnett fått ein del av grunngevinga for søknaden. Desse kraftverka ser for seg ein vesentleg vekst i straumproduksjonen i sine område, frå småkraftverk og vindmøller, og nye industrietableringar. Dette er ei form for hypotetisk framskriving av ei fortid som ikkje er lenger, utført av selskap som har sine økonomiske interesser i produksjon og omsetning av elektrisitet. Dersom ei ny line fjernar hindringar for småkraftverk og nye vindmøller på land, er det ein tilleggsskade av lina. Vårt inntrykk er elles at dei som har problem med å få levert straum frå småkraftverk, har problema i det lokale nettet, som dei lokale netteigarane ikkje vil koste opprusting av.

Skadane og ulempene har realøkonomiske konsekvensar for mange menneske både langs traseen og utanfor:

- a. Sterkt redusert naturgrunnlag for næringsdrift innan turisme og opplevingsaktivitetar.
- b. Redusert kvalitet på naturen og landskapet der folk bur, og av den grunn mindre trivsel for mange tusen menneske.
- c. Verditap på eigedommar som følgje av mindre attraktive omgjevnader.

Svært lite av slike tap vil bli erstatta av konsesjonshavaren. Tapa og ulempene må difor vere med i den samfunnsmessige avveginga i konsesjonsspørsmålet.

For Hornindal har statsautorisert eigedomsmeklar Gunvor Bakke i eit overslag frå 2006 komme til at det samfunnsmessige tapet på grunn av lina kan vere bortimot ein milliard kroner, berre i den vesle kommunen. Om dette talet skulle vere fleire gonger for stort, illustrerer det likevel at lina vil føre til økonomiske tap som er mange gonger så stort som netto nytten av lina.

Reiselivsorganisasjonane NHO Reiseliv og Fjord Noreg hevdar i Bergens Tidende 22. juni 2007 at kraftlina kan koste reiselivet på Vestlandet ein milliard kroner i tapte inntekter kvart år. Vi har ikkje nokon grunn til å tru at dette talet byggjer på dårlegare grunnlag enn dei tala Statnett opererer med for den økonomiske nytten av lina. Det som har komme fram så langt tyder på at dei samfunnsøkonomiske ulempene ved lina er vesentleg større enn føremonane, og at grunnlaget for konsesjon ikkje er til stades.

Norges Naturvernforbund støttar kravet frå nokre kommunar om ei brei analyse av dei økonomiske føremonane og ulempene ved lina.

2. Det urettferdige ved lina

Folk som bur i området må tole store ulemper dersom lina skulle komme. Planen er djupt urettferdig ved at dei som har føremonane av tiltaket, er heilt andre enn dei som må bere ulempene, og som er langt fleire. Når folk langs heile traseen har reagert på planen med fortvilning og raseri, er det ein naturleg reaksjon og uttrykk for ein levande rettferdssans.

Dei som får lina tett inn på buplassen, er usikre på framtidige helseeffektar. For mange er saka eit eksistensielt spørsmål, ikkje noko mindre. Det har ikkje komme fram opplysningar som er eigna til å fjerne redselen for stråleskadar på lengre sikt, og truleg er det i

realiteten uråd å avvise risikoen for slike skadar. Om helserisikoen i objektiv forstand skulle vere liten samanlikna med andre farar, er det i realiteten ein risiko som er der heile tida, og som det er forståeleg at folk er urolege for. Det er ikkje lagt fram opplysningar som er eigna til å avvise strålingsfaren som uvesentleg.

På den urettferdige situasjonen finst det berre ei løysing, dersom overføringa mellom Sogn og Møre skal komme, og den løysinga er å legge lina i sjøen mellom Fardal og Ørskog. At dette alternativet kostar meir pengar, kan ikkje vere noko avgjerande innvending. Dersom overføringskabelen er å oppfatte som eit gode for samfunnet, må fellesskapet bere kostnadene, anten over statskassen eller ved at folk flest er med og betaler. Som illustrasjon: 6 milliardar kroner i ekstra kostnad fordelt på dagens kraftproduksjon (120 TWh) utgjer ikkje meir enn fem øre i ekstra nettleige pr. kilowattime, og då er heile kostnaden betalt på eit år. Det har vore hevda at sjøkabel vil gje svære tillegg i nettleiga, ein påstand som verkar henta meir ut av lufta enn av realitetane.

Ei anna løysing er at dei storbrukarane som måtte ha særleg nytte av lina, betaler kostnadene eller ein del av dei, ut frå det gode prinsippet om at den som vil gjere inngrep i naturen, betaler kostnaden med å gjere inngrepet akseptabelt. Det inneber ikkje noko anna enn at dei som lina er eit gode for, må gjere opp for seg ved å betale kostnadene i staden for å føre dei over på naturen og uskuldige menneske.

Konklusjon

For Norges Naturvernforbund er desse punkta dei mest sentrale i vårt syn på søknaden om 420 kV kraftline Ørskog-Fardal:

1. Norges Naturvernforbund meiner planen inneber så store inngrep i eineståande natur og landskap at dei negative konsekvensane på ingen måte let seg forsvare av føremonane med lina. Fagrapportane inneheld mange argument for eit slikt standpunkt, og heilskapen i den eigenarta fjordnaturen styrker argumenta. Store hindringar for økonomisk utvikling i andre sektorar dreg i same retning.

2. Dersom overføringa mellom Sogn og Møre skal komme, finst det berre ei forsvarleg løysing, og det er å legge lina som sjøkabel heile vegen mellom Fardal og Ørskog.

3. Eit vedtak om inngrep krev meir kunnskap om verknadene enn eit vedtak om ikkje inngrep. Dersom NVE meiner det kan vere aktuelt å gje Statnett konsesjon, er kunnskapen om konsekvensane for biologisk mangfald for spinkel. NVE må i så fall pålegge Statnett å supplere kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald vesentleg gjennom nye registreringar for å dokumentere dei artane og dei områda som det manglar opplysningar om. Kor mykje ekstraarbeid dette krev, er eit fagleg spørsmål som dei kompetente biologane må avgjere. Det må òg, før vedtak, ligge føre ei fagleg vurdering av på kva måte og i kva grad inngrepet kjem i konflikt med nasjonale miljømål og omsynet til norsk ansvarsnatur. Vi bed NVE om å syte for at dette vert gjennomført.

Med helsing

Norges Naturvernforbund

Lars Haltbrekken

leiar

Sakshandsamar: Erik Solheim, tlf. 57 72 45 31, mob. 952 56 950

Kopi sendt:

- Direktoratet for naturforvaltning
- Miljøverndepartementet

